



Selje kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunehuset 2. etg.
Dato: 09.05.2017
Tid: Kl. 14:00 - 19:30

Følgjande medlem møtte

Åge Lundebrekke

Anfinn Sjøstad

Anne Lise Drage

Marita Aarvik

Svein Hansen

Geir Årvik

Kenneth Brandal

Raymond Myren

Stein Robert Osdal

Gunn Sande

Kjetil Friberg

Andreas Rundereim

Gunnar Silden

Terje Ødegård

Veronica Hatlenes

Parti

Ap

Frp

Frp

Frp Permittert frå møtet etter sak 035/17 – Erstatta.

Frp

H

H

KrF Forlot møtet under sak 035/17 – Ikkje erstatta.

KrF

Sp

Sp

Tp

Tp

Tp

Uavh

Forfall meldt frå følgjande medl.

Jan Vidar Smenes

Judith Kvåle

Parti

Tp

Tp

Følgjande varamedlem møtte

Vivian Nygård Sætren

Vigdis Nordeide Gjengedal

Henning Drage Frp. erstatta Marita Aarvik
frå sak 036/17

Parti

Tp

Tp

Andre som møtte

Jostein Støylen – Sekretær i Kontrollutvalet

Geir Kvisten

Gry Otneim Leikanger

Kristian Nave

Reidar Sandviknes

Ørnulf Lillestøl, førte møteboka.

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Veronica Hatlenes	023/17	,	Veronica Hatlenes vart kjendt inhabil etter Fvl. § 6 a
Veronica Hatlenes	024/17	,	

Møtet starta med orientering ved AV-OG-TIL-rådgjevar Marte Sletten kl.14.00

Deretter orientering ved pasient-og brukarombod i Sogn og Fjordane Lisa Refsnes kl. 14.45

Merknad til innkallinga og saklista:

Opprinneleg sak 037/17 -Årsrekneskap/Årsmelding Selje kommune 2016 tatt ut av saklista. Kommunestyret vedtok samrøystes at ny sak: Reguleringsplan fv. 620 - Årsheimstranda skulle takast inn på saksnr. 037/17

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

037/17 -

021/17-

035/17-

036/17-

030/17-

033/17-

elles i rekkefølge.

Møteleiar: Stein Robert Osdal

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
021/17	Godkjenning av møteprotokoll
022/17	Referatsaker
023/17	Serveringsløyve - Kafeen Vår DA
024/17	Skjenkeløyve - Kafeen vår DA
025/17	SMIL - Strategiplan 2017 - 2020 - Vedtak
026/17	SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2017 - 2020. Framlegg til offentlig ettersyn.
027/17	Hoddevikbuda
028/17	Avslutning av Synergiutvalet
029/17	Forskrift om politivedtekt - Selje kommune
030/17	Habilitet økonomisjefen
031/17	Oppnemning av namnenemnd - Kommunesamanslåing Eid /Selje
032/17	Oppnemning av styrerepresentant Sunnivastiftinga
033/17	Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019
034/17	Stortingsval 2017 - organisering
035/17	Kommuneplanen sin arealdel 2017-2029 - Vedtak
036/17	Reguleringsplan - Stad skipstunnel - Vedtak
037/17	Reguleringsplan fv. 620 - Årsheimstranda



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/17	Kommunestyret	09.05.2017

Godkjenning av møteprotokoll

Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 27.03.17 og 30.03.17 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

03.04.2017 Protokoll - Kommunestyret - 30.03.2017 1331874

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

17 voterande

Votering:

Framlegget frå administrasjonen fekk 17 røyster for.

KS- 021/17 Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 27.03.17 og 30.03.17 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/17	Kommunestyret	09.05.2017

Referatsaker

Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

1. Orientering ved ordførar
2. Møteprotokoll frå kontrollutvalet 28.02.2017
3. Sak EF-009/17 Årsmelding 2016

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

voterande 16

1. Orientering ved ordførar:
Orientering av strandpromenade.
Orientering om bispevisitas.
Fellesnemnda oppretting og mandat i kommunestyret 22.06.17
2. Møteprotokoll frå Kontrollutvalet 28.02.17
3. Sak EF-009/17 Årsmelding 2016

Votering:

Referatsakene vert teke til etterretning slik dei ligg føre. Samrøystes.

KS- 022/17 Vedtak:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/17	Formannskapet	02.05.2017
023/17	Kommunestyret	09.05.2017

Serveringsløyve - Kafeen Vår DA

Bakgrunn for saka:

Søknad om serveringsløyve frå Kafeen Vår DA. 6740 Selje. Nystarta serveringsbedrift.
Orgnr. 918 527 184

1. Administrativt vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt mellombels serveringsløyve:
Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terrasse jf. teikning
Driftskonsept: Kafedrift
Andre forhold:
Mellombels løyve vert tildelt i tidsrommet 27.april - 09. mai 2017

2. Rådmannen sitt framlegg til endeleg vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt serveringsløyve:
Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terrasse jf. teikning
Driftskonsept: Kafedrift

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt serveringsløyve:
Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terrasse jf. teikning
Driftskonsept: Kafedrift

Samrøystes

Vedlegg i saka:

22.03.2017 Teikning 1331466

Formannskapet 02.05.2017:

Handsaming:

6 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for. Samrøystes

FS- 024/17 Vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt serveringsløyve:

Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terasse jf. teikning

Driftskonsept: Kafedrift

Samrøystes

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

15 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet fekk 15 røyster for. Samrøystes.

KS- 023/17 Vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt serveringsløyve:

Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terasse jf. teikning

Driftskonsept: Kafedrift

Samrøystes

Saksopplysningar:

Personane bak selskapet er:

Veronica Hatlenes, Hatlenes 6740 Selje og Christine Lillesalt, Selje 6740 Selje

Eigedomen er :

1 etasje i Gbnr 56/263

Eigar: Selje Trevare eigedom orgnr 933 811 883

Søknaden omfattar:

Serveringsløyve for kafelokalet 50 m2 og utandørs terasse 25m2.

Opningstider: Innanfor kommunens maksimaltider.

Driftskonsept: Kafedrift.

Vedlegg til søknaden:

Målsett teikning av lokalet

Firmaattest

Registrering av verksemda til mattilsynet
Kopi av skøyte til den faste eigedomen
Leigekontrakt
Vitnemål frå ETablererprøva, serveringsbedrift Veronica Hatlenes

Politiet har gitt uttale i saka

Andre forhold:

Søknaden er datert 21. mars og skulle etter vedteken møteplan kunne hadsamast i Formannskapet den 27. april etter § 13 i KommuneLOVA for å kunne starte opp den 30. april. Møtet i Formannskapet er utsett til 02. mai og Kommunestyret til den 09. mai. For å imøtekome bedrifta sitt ynskje om å kunne opne gjev sakshandsamar eit mellombels løyve for tidsrommet 29. april – 09. mai 2017. Løyvet er gitt etter avtale med Ordførar.

Lover, regelverk

AlkoholLOVA

Forskrift til AlkoholLOVA

Lokal forskrift om opnings- og stenetider mm for Selje kommune

Sakshandsamar sin vurdering

Søkjaren fyller krava for å få tildelt løyve. Lokalet slik det går fram av teikninga er eigna til føremålet. Det utandørs arealet skal ha tydeleg inngjerding med ein ut- /inngang før det kan takast i bruk. Kommunen vil føre tilsyn med løyvet Jf Lokal forskrift om opnings og stenetider mm for Selje kommune § 5. .

Løyvet skal tildeltast av Kommunestyret

Sakshandsaming:

Kafeen Vår DA får administrativt eit serveringsløyve i tidsrommet 27. april – 09. mai 2017
Formannskapet tilrår til kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

Klage:

Dette er eit enkeltvedtak etter ForvaltningsLOVA og kan påklagast etter ForvaltningsLOVA Kap VI. Klagefristen er 3 veker

Kopi av det administrative vedtaket til

Mattilsynet

Politiet



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/17	Formannskapet	02.05.2017
024/17	Kommunestyret	09.05.2017

Skjenkeløyve - Kafeen vår DA

Bakgrunn for saka:

Søknad om skjenkeløyve frå Kafeen Vår DA. 6740 Selje. Nystarta serveringsbedrift.
Orgnr. 918 527 184

1. Administrativt vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt mellombels skjenkeløyve:
Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terasse jf. teikning
Varesortiment: Alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3
Opningstider: Innanfor kommunens maksimaltider
Styrar: Veronica Hatlenes
Stedfortredar: Christine Lillesalt
Driftskonsept: Kafedrift
Andre forhold:
Kommunen vil føre tilsyn med løyvet.
Det skal betalast gebyr for løyvet.
Mellombels løyve vert tildelt i tidsrommet 27.april - 09. mai 2017

2. Rådmannen sitt framlegg til endeleg vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt skjenkeløyve:
Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terasse jf. teikning
Varesortiment: Alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3
Opningstider: Innanfor kommunens maksimaltider
Styrar: Veronica Hatlenes
Stedfortredar: Christine Lillesalt
Driftskonsept: Kafedrift
Andre forhold:
Kommunen vil føre tilsyn med løyvet.
Det skal betalast gebyr for løyvet.
Løyvet vert tildelt til 30.06.2020.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt skjenkeløyve:
Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terasse jf. teikning
Varesortiment: Alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3

Opningstider: Innanfor kommunens maksimaltider

Styrar: Veronica Hatlenes

Stedfortredar: Christine Lillesalt

Driftskonsept: Kafedrift

Andre forhold:

Kommunen vil føre tilsyn med løyvet.

Det skal betalast gebyr for løyvet.

Løyvet vert tildet til 30.06.2020.

Samrøystes

Vedlegg i saka:

06.04.2017 Teikning

1332103

Formannskapet 02.05.2017:

Handsaming:

6 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS- 025/17 Vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt skjenkeløyve:

Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terasse jf. teikning

Varesortiment: Alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3

Opningstider: Innanfor kommunens maksimaltider

Styrar: Veronica Hatlenes

Stedfortredar: Christine Lillesalt

Driftskonsept: Kafedrift

Andre forhold:

Kommunen vil føre tilsyn med løyvet.

Det skal betalast gebyr for løyvet.

Løyvet vert tildet til 30.06.2020.

Samrøystes

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

15 voterande

Votering:

Innstillinga frå Formannskapet fekk 13 røyster for og 2 røyster imot.

KS- 024/17 Vedtak:

Kafeen Vår DA Orgnr 918 527 184 6740 Selje får slikt skjenkeløyve:

Lokasjon: 1. etasje i Gbnr 56/263 med om lag 25m2 inngjerda utandørs terasse jf. teikning

Varesortiment: Alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3

Opningstider: Innanfor kommunens maksimaltider

Styrar: Veronica Hatlenes

Stedfortredar: Christine Lillesalt

Driftskonsept: Kafedrift

Andre forhold:

Kommunen vil føre tilsyn med løyvet.

Det skal betalast gebyr for løyvet.

Løyvet vert tildet til 30.06.2020.

Saksopplysningar:

Personane bak selskapet er:

Veronica Hatlenes, Hatlenes 6740 Selje og Christine Lillesalt, Selje 6740 Selje

Eigedomen er :

1 etasje i Gbnr 56/263

Eigar: Selje Trevare eigedom orgnr 933 811 883

Søknaden omfattar:

Skjenkeløyve for kafelokalet 50 m2 og utandørs terrasse 25m2.

Omsøkt varesortiment: Alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3 (øl, vin og brennevin)

Opningstider: Innanfor kommunens maksimaltider.

Driftskonsept: Kafedrift.

Styrar skal vere: Veronica Hatlenes

Stedfortredar for styrar: Christine Lillesalt

Vedlegg til søknaden:

Målsett teikning av lokalet

Firmaattest

Registrering av verksemda til mattilsynet

Kopi av skøyte til den faste eigedomen

Leigekontrakt

Vitnemål frå Kunnskpsprøva i Alkohollova, skjenkeløyve, Veronica Hatlenes

Vitnemål frå Kunnskpsprøva i Alkohollova, skjenkeløyve, Christine Lillesalt

Politiet og NAV har gitt uttale i saka

Andre forhold:

Søknaden er datert 21. mars og skulle etter vedteken møteplan kunne hadsamast i Formannskapet den 27. april etter § 13 i Kommunelova for å kunne starte opp den 30. april.

Møtet i Formannskapet er utsett til 02. mai og Kommunestyret til den 09. mai. For å imøtekome bedrifta sitt ynskje om å kunne opne gjev sakshandsamar eit mellombels løyve for tidsrommet 29. april – 09. mai 2017. Løyvet er gitt etter avtale med Ordførar.

Lover, regelverk

Alkohollova

Forskrift til Alkohollova

Lokal forskrift om opnings- og stengingstider mm for Selje kommune

Sakshandsamar sin vurdering

Søkjaren fyller krava for å få tildelt løyve. Lokalet slik det går fram av teikninga er eigna til føremålet. Det utandørs arealet skal ha tydeleg inngjerding med ein ut- /inngang før det kan takast i bruk. Kommunen vil føre tilsyn med løyvet Jf Lokal forskrift om opnings og stengingstider mm for Selje kommune § 5.

Omstninga skal rapporterast årleg Jf. Alkoholforskrifta Kapittel 7.

Det skal betalast gebyr for løyvet.

Løyvet vert tildelt for kommunestyreperioden og vil vare til 30.06.2020

Sakshandsaming:

Kafeen Vår DA får administrativt eit skjenkeløyve i tidsrommet 27. april – 09. mai 2017

Formannskapet tilrår til kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

Klage:

Dette er eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova og kan påklagast etter Forvaltningslova Kap VI. Klagefristen er 3 veker

Kopi av det administrative vedtaket er sendt

Politiet

NAV

Trygg24



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/17	Planutvalet	02.05.2017
025/17	Kommunestyret	09.05.2017

SMIL - Strategiplan 2017 - 2020 - Vedtak

Bakgrunn for saka:

Strategiplan for SMIL var gjeldande for åra 2013 – 2016. Det må no vedtakast ny plan for åra 2017 – 2020. Dette er ein føresetnad for tildeling av rammeløyving frå Fylkesmannen.

Kulturlandskapsgruppa i Selje kommune har sommaren 2016 gjennomført 3.gangs revidering av Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket.

Etter vedtak i planutvalet 25.01.2017 vart planframlegget lagt ut til offentleg ettersyn / høyring frå 03.02.17 – 17.03.17. Det kom ingen innspel eller merknader til framlegget. Strategiplanen for SMIL er difor klar til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planutvalet gjer vedtak og sender framlegget til kommunestyret for endeleg planvedtak. Kommunestyret vedtek SMIL – strategiplan 2017 – 2020 slik den ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Planutvalet - 02.05.2017

Planutvalet gjer vedtak og sender framlegget til kommunestyret for endeleg planvedtak. Kommunestyret vedtek SMIL – strategiplan 2017 – 2020 slik den ligg føre.

Samrøystes.

Vedlegg i saka:

19.04.2017 SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2017 - 2020 1332373

Planutvalet 02.05.2017:

Handsaming:

6 voterande.

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for. Samrøystes.

PU- 011/17 Vedtak:

Planutvalet gjer vedtak og sender framlegget til kommunestyret for endeleg planvedtak. Kommunestyret vedtek SMIL – strategiplan 2017 – 2020 slik den ligg føre.

Samrøystes.

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

16 voterande

Votering:

Innstillinga frå Planutvalet fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 025/17 Vedtak:

Kommunestyret vedtek SMIL – strategiplan 2017 – 2020 slik den ligg føre.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Arbeidet med revidering av planen er gjennomført av kulturlandskapsgruppa som no er samansett av representantar for tre landbruksorganisasjonar og ein frå Plan- og Utviklingsavdelinga. Det er gjort ein del endringar m.a. oppdateringar til dagens tilhøve i landbruket i Selje, fleire nye eller endra forskrifter og lover som påverkar korleis SMIL-ordninga fungerer. Her kan nemnast stor endring i SMIL-forskrifta (kven som kan søkje, krav til miljøplan), nye reglar for grøftetilskot og tilskot til organisert beitebruk. Naturmangfaldlova og EU sitt vassdirektiv spelar ei større rolle i forvaltninga enn før.

Vedteken strategi skal sendast til Fylkesmannen straks etter kommunestyrevedtak.

Lover/regelverk

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rundskriv 2015/17

Naturmangfaldlova

EU sitt vassdirektiv



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/17	Planutvalet	25.01.2017
026/17	Kommunestyret	09.05.2017

SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2017 - 2020. Framlegg til offentlig ettersyn.

Bakgrunn for saka:

Strategiplan for SMIL var gjeldande for åra 2013 – 2016. Det må no vedtakast ny plan for åra 2017 – 2020. Dette er ein føresetnad for tildeling av rammeløyving frå Fylkesmannen.

Kulturlandskapsgruppa i Selje kommune har sommaren 2016 gjennomført 3.gangs revidering av Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket. Planframlegget skal no leggest ut til offentlig ettersyn før vedtak av planen i kommunestyret.

Vedteken strategi skal sendast til Fylkesmannen straks etter kommunestyrevedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planutvalet handsamar planframlegget og legg det ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Vedlegg i saka:

17.01.2017 SMIL - Strategiplan 2017 - 2020 1329146

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

Saka vart trekt.

KS- 026/17 Vedtak:

Saka vart trekt.

Saksopplysningar:

Arbeidet med revidering av planen er gjennomført av kulturlandskapsgruppa som no er samansett av representantar for tre landbruksorganisasjonar og ein frå Plan- og Utviklingsavdelinga. Det er gjort ein del endringar m.a. oppdateringar til dagens tilhøve i landbruket i Selje, fleire nye eller endra forskrifter og lover som påverkar korleis SMIL-ordninga fungerer. Her kan nemnast stor endring i SMIL-forskrifta (kven som kan søkje, krav til miljøplan), nye reglar for grøftetilskot og tilskot til organisert beitebruk. Naturmangfaldlova og EU sitt vassdirektiv spelar ei større rolle i forvaltninga enn før. Framdriftsplanen er handsaming i planutvalet 25.01.2017 før utlegging til høyring i 6 veker. Vedtak i kommunestyret seinast 04.05.2017.

Lover/regelverk

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rundskriv 2015/17

Naturmangfaldlova

EU sitt vassdirektiv



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/17	Formannskapet	02.05.2017
027/17	Kommunestyret	09.05.2017

Hoddevikbuda

Bakgrunn for saka:

Kommunen har no fått ein søknad frå Furebuda as om tilrettelegging for endra aktivitet på aktuell tomt som Hoddevikbuda no står.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen inngår ein feste/leigeavtale med Furebuda as. I denne avtalen må det inngå nokre vilkår. Det må sikrast allmenn tilgjenge til strand/kaiområde. Det må også byggjast i ein stil som ivaretar kulturhistorie, byggeskikk tilsvarande eksisterande bygg. Evt utstyr og andre gjenstandar som no er i Buda må takast vare på og nytt bygg må innehalde areal for mindre utstillingar/museum som almenta kan ha tilgang til.

Rådmannen vert delegert mynde til å gjennomføre forhandlingar med sikte på å utarbeide avtale. Avtalen skal endeleg godkjennast av kommunestyret.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

Kommunen inngår ein feste/leigeavtale med Furebuda as. I denne avtalen må det inngå nokre vilkår. Det må sikrast allmenn tilgjenge til strand/kaiområde. Det må også byggjast i ein stil som ivaretar kulturhistorie, byggeskikk tilsvarande eksisterande bygg. Evt utstyr og andre gjenstandar som no er i Buda må takast vare på og nytt bygg må innehalde areal for mindre utstillingar/museum som almenta kan ha tilgang til.

Rådmannen vert delegert mynde til å gjennomføre forhandlingar med sikte på å utarbeide avtale. Avtalen skal endeleg godkjennast av kommunestyret.

Samrøystes.

Formannskapet 02.05.2017:

Handsaming:

6 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for. Samrøystes

FS- 026/17 Vedtak:

Kommunen inngår ein feste/leigeavtale med Furebuda as. I denne avtalen må det inngå nokre vilkår. Det må sikrast allmenn tilgjenge til strand/kaiområde. Det må også byggjast i ein stil som ivaretar kulturhistorie, byggeskikk tilsvarande eksisterande bygg. Evt utstyr og andre gjenstandar som no er i Buda må takast vare på og nytt bygg må innehalde areal for mindre utstillingar/museum som almenta kan ha tilgang til.

Rådmannen vert delegert mynde til å gjennomføre forhandlingar med sikte på å utarbeide avtale. Avtalen skal endeleg godkjennast av kommunestyret.

Samrøystes.

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

16 voterande

Votering:

Innstillinga frå Formannskapet fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 027/17 Vedtak:

Kommunen inngår ein feste/leigeavtale med Furebuda as. I denne avtalen må det inngå nokre vilkår. Det må sikrast allmenn tilgjenge til strand/kaiområde. Det må også byggjast i ein stil som ivaretar kulturhistorie, byggeskikk tilsvarande eksisterande bygg. Evt utstyr og andre gjenstandar som no er i Buda må takast vare på og nytt bygg må innehalde areal for mindre utstillingar/museum som almenta kan ha tilgang til.

Rådmannen vert delegert mynde til å gjennomføre forhandlingar med sikte på å utarbeide avtale. Avtalen skal endeleg godkjennast av kommunestyret.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Kort historie og status.

Saka kring Hoddevikbuda har ei lang historie og det er eit poeng å avgrense informasjonen til det som er kjernespora. Saka var til handsaming i kommunestyret 28.04.08. Før denne handsaminga var det inngått avtale mellom grunneigarane og Stiftinga Hoddevibuda. I denne avtalen som ligg vedlagt, var føremålet å sikre kystkulturen, restaurere Buda og skape «eit trivelig museumsanlegg». Føremålet var då å skape eit anlegg som skulle sikre historie og kultur for ålmeinta. I etterkant donerte grunneigargruppa Hoddevikbuda til kommunen. Intensjonen vart vidareført i 2 hovudpunkt;

- «Eigedomen og tilhøyrande rettar skal utelukkande nyttast til å tene ålmeinta i Selje kommune»
- Om Selje kommune nokon gong skulle ynskje å selje elelr avhende eigedomen og/eller rettane, skal dagens eigarar elelr deira etterkomarar få tilbod om tilbakeføring av eigedomen mot å gjere opp for verdien av investeringar nedskrive etter vanlege reglar»

I 2011 inngjekk Selje kommune avtale med Stiftinga på 20 år. Stiftinga tek på seg ansvar for å restaurere, vedlikehalde og forsikre buda. Vilkår om at buda skal «tene ålmeinta i Selje kommune» vart vidareført.

No er Hoddevikbuda i ein tilstand som tilseier at den ikkje let seg restaurere. Den er ein sikkerheitsrisiko ved sterk vind og står i fare for å ramle saman. I tillegg er kai og strandlinje i ein tilstand som gjer at den ikkje kan nyttast til ålmeinta.

Vurderingar

I samtale med representantar for Stiftinga er det klarlagt at det no ikkje er aktuelt å arbeide vidare med å restaurere Buda. I Vedtektene til Stiftinga er føremålet å lage eit museumsanlegg for å sikre kystkulturen. I avtale om Buda med kommunen er avtalen på 20 år med gjensidig oppseiing på to år. Det har vore eit spørsmål om å vidareføre samarbeidet med Stiftinga som part der Stiftinga vurderer å inngå avtale med Furebuda as for gjennomføring av nye planar.

Det litt krevjande punktet er å samordne intensjonen i overdraginga frå grunneigarane til kommunen med planane no som omtala i søknad frå Furebuda as. Sakshandsamar har vore i kontakt med Gunnar Hoddevik som koordinerte dette arbeidet i 2007/8. Å få donasjonen og vilkåra fastlagt var eit resultat av eit omfattande arbeid med mange diksjonar internt i gruppa. Det er vesentleg at det i dei nye planane og verksemda vert tatt høgde for at kommunen ikkje kan avhende eigedomen, den skal vere så langt som råd open for ålmeinta og ta vare på kulturhistoria.

Sakshandsamar forutset at dagens situasjon kanskje er den minst ynskjelege. Buda har forfalle til ein tilstand som ikkje let seg restaurere. Slik sett vil alle alternativ vere betre. Det har ikkje lukkast sakshandsamar å få kontakt med alle grunneigarane som i si tid donerte eigedomen. Desse er spreidd over heile landet og i nokre tilfelle har arvingar overtatt. Det er

kjendt at Gunnar Hoddevik har hatt kontakt med ein del og framlegg her er i tråd med den løysinga som kjem nærast alle sine interesser.

- Grunneigarane sin intensjon om å bevare rettar for ålmenta og sikring av kulturhistorie
- Kommunen sitt behov for å sikre området, sikre kulturhistorie, skape vekst og utvikling
- Furebuda as sine ynskjer jmf søknad
- Stiftinga sitt behov for no å klargjere avtalen inngått med kommunen.

Konklusjon

Kommunen inngår ein feste/leigeavtale med Furebuda as. I denne avtalen må det inngå nokre vilkår. Det må sikrast allmenn tilgjenge til strand/kaiområde. Det må også byggjast i ein stil som ivaretar kulturhistorie, byggeskikk tilsvarande eksisterande bygg. Evt utstyr og andre gjenstandar som no er i Buda må takast vare på og nytt bygg må innehalde areal for mindre utstillingar/museum som almenta kan ha tilgang til.

Lengd på avtalen vert del av forhandlingane.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/17	Formannskapet	02.05.2017
028/17	Kommunestyret	09.05.2017

Avslutning av Synergiutvalet

Bakgrunn for saka:

Perioden Synergiutvalet er vedtatt å fungere gjekk ut ved årskiftet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Synergiutvalet vert lagt ned med verknad frå 01.05.17

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

Synergiutvalet vert lagt ned frå 01.06.17

Samrøystes.

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

Fellesframlegg frå Kommunestyret, foreslått av ,
Synergiutvalet vert lagt ned frå dags dato.

Rådmannen i Selje blir beden om å leggje fram forslag til vidare organisering av arbeidet med synergiane av Stad skipstunnel.

Forslaget skal innhalde både massedeponering og arbeidet med å utnytte synergiane innan reiseliv, næringsutvikling og anna.

Forslaget om organisering frå rådmannen skal opp til handsaming i Fellesnemnda for endeleg vedtak, etter at Stortinget formelt har vedteke samanslåing av kommunane Eid og Selje.

16 voterande

Votering:

Fellesframlegget frå Kommunestyret fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 028/17 Vedtak:

Synergiutvalet vert lagt ned frå dags dato.

Rådmannen i Selje blir beden om å leggje fram forslag til vidare organisering av arbeidet med synergiane av Stad skipstunnel.

Forslaget skal innhalde både massedeponering og arbeidet med å utnytte synergiane innan reiseliv, næringsutvikling og anna.

Forslaget om organisering frå rådmannen skal opp til handsaming i Fellesnemnda for endeleg vedtak, etter at Stortinget formelt har vedteke samanslåing av kommunane Eid og Selje.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Kommunestyret fatta i november 2015 fylgjande vedtak:

1. Det vert sett ned eit fast utval beståande av tre kommunestyrerepresentantar. Fylgjande vert valde: Anfinn Sjøstad - leiar

Judith Kvåle - nestleiar Gunnar Silden - medlem

Vara: 1. Raymond Myren 2. Terje Ødegård 3. Veronica Hatlenes

2.

Utvalet skal koordinere og systematisere idear og innspel frå næringsliv og privatpersonar i Selje kommune og nabokommunane med tanke på synergjar frå bygginga av Stad skipstunnel. Dette for å sikre at viktige innspel rundt utnytting av tunnelmasse, synergjar for reiselivet etc. vert ivaretekte og utnytta.

3. Utvalet har ikkje mynde til å fatte vedtak eller binde kommunen/kommunestyret økonomisk eller juridisk. Utvalet står fritt til å søke/disponere ekstern finansiering. Dette under føresetnad at det ikkje binder kommunen/kommunestyret økonomisk eller juridisk.

4. Utvalet rapporterer til formannskapet som planutval det løpande arbeidet. 5. Formannskapet vurderer løpande behov for å orientere kommunestyret og førebu vedtak der etter delegeringsreglementet. Sakshandsaming skal avklarast og utførast av rådmannen.

6. Utvalet skal samarbeide tett med andre instansar som m.a. Nordfjord Vekst, Kystverket, Nordfjord hamn og næringslivet. Utvalet skal også samarbeide med utviklingsinteresser i Vanylven og Vågsøy. 7. Utvalet skal legge fram ein grovplan for bruken av massen frå Stad Skipstunnel for Selje kommune. Dette med tanke på at Selje kommunestyre skal vedta planen seinast innan 31. mars 2016. Dette er fristen som Selje kommune har fått med Kystverket.

8.

Utvalet startar arbeidet snarast og har arbeidsperiode fram til 31.12.16. Kommunestyret tek stilling til evt. behov for lenging av perioden.

9. Arbeidet vert finansiert over budsjettet til politisk styring. Godtgjering etter regelverket som er etablert for folkevalde. Reiseverksemd / andre utgifter må klarerast med ordførar.

Røysting: Fellesframlegg frå Kommunestyret fekk 17 røyster for. Samrøystes.

Vurderingar:

Synergiutvalet har hatt sitt arbeid i eit felt med mange aktørar. Arbeidet har også falt saman

med og delvis parallellt med arealplanprosessen i kommunen. Mandatet til utvalet framgår av pkt 2 i vedtaket og kan vere relativt vidt og overlappande med andre aktørar sitt og arealplanprosessen.

Frå administrasjonen si side har det vore noko problematisk at mandatet er breidt for utvalet. Vi har eit dagleg og løpande arbeid i samarbeid med mange næringslivsaktørar, utnytting av potensialet når det gjeld tunnell og i arbeidet med arealprosessen.

Synergiutvalet er ei politisk oppnemd gruppe og det er sjølvstendig spesielt at rådmannen gjer framlegg om å leggje denne ned. Saka og tilrådinga kjem fordi tidsperioden for oppnemninga er gått ut jmf vedtak, samt at arbeidet med tunnell og arealplan no etter kvart går over i ein ny fase.

Om kommunestyret velgjer å vidareføre arbeidet oppmodar rådmannen kommunestyret å vere meir presis i mandat og arbeidsområde samt kva rammevilkår utvalet skal ha.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/17	Formannskapet	02.05.2017
029/17	Kommunestyret	09.05.2017

Forskrift om politivedtekt - Selje kommune

Bakgrunn for saka:

Selje kommune sin forskrift til politivedtekt er frå 1998. Sidan den tid har det skjedd ei omfordeling av politet sine ansvarsområde. Den gamle forskriften samsvarer ikkje lenger med politiet og andre styresmakter sine kompetanse- og tilsynsområde. Politirådet i Selje har teke initiativ til å utarbeide ny politivedtekt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet si tilråding til Kommunestyret:

Vedlagt Forskrift om politivedtekt, Selje kommune, Sogn og Fjordane. vert gjort gjeldande frå 01.juni 2017

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

Formannskapet si tilråding til Kommunestyret:

Vedlagt Forskrift om politivedtekt, Selje kommune, Sogn og Fjordane. vert gjort gjeldande frå 01.juni 2017

Samrøystes.

Vedlegg i saka:

21.04.2017	Forskrift om politivetekt til Selje kommune	1332445
21.04.2017	Innspel - politivedtekt for Selje kommune	1332446
15.05.2017	Vedtak-Forskrift om politivetekt til Selje kommune	1334386

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

Forslag frå Selje Frp, TVP, Selje H, Selje SP, foreslått av ,

Forslag om å ta ut linje 1 i §5 om sal av fyrverkeri -" Sal av fyrverkeri kan skje dei to siste yrkedagane av året".

16 voterande

Votering:

Formannskapet si tilråding til framlegg fekk 16 røyster for. Samrøystes.

Votering:

Tilleggsframlegg frå Selje Frp, TVP, Selje H, Selje SP, fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 029/17 Vedtak:

Vedlagt Forskrift om politivedtekt, Selje kommune, Sogn og Fjordane, med endring i § 5, vert gjort gjeldande frå 01.juni 2017

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Formannskapet gjorde i sak FS 017/17 den 16. mars 17 vedtak om å legge Framlegg om ny forskrift ut på høyring. Høyringsfristen vart sett til 10. april 17.

Til saka har det kome inn tre høyringssvar. Etter sakshandsamar si vurdering har svara langt på veg forbetra framlegget og er difor innarbeidde i forskrifta.

Der er meiningsskilnad om § 10 Bandtvang. Forskrifta er forbetra med å vere presis på å regulere berre § 6 pkt. e i Hundelova. Det er vanskeleg å gjere framlegg om å innføre bandvang berre i delar av kommunen, då bandtvangen skal ta vare på både beitedyr og ville artar. Etter framlegg frå Fagлага i Selje vert datoen for bandtvang utsett noko (01. november).

Saksgang:

Formannskapet tilrår til Kommunestyret som gjer endeleg vedtak. Forskrifta vil gjelde når den er publisert i Norsk Lovtidende (Lovdata). Forskrifta vil erstatte Forskrift om politivedtekt, Selje kommune, Sogn og Fjordane (FOR-1998-04-21-365)



Arkiv: FE - 614, GBNR - 56/1,
HIST - 15/309
JournalpostID: 17/2383
Saksbehandlar: Ørnulf Lillestøl

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/17	Kommunestyret	09.05.2017

Habilitet økonomisjefen

Bakgrunn for saka:

Viser til sak 17/17 i Kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Tilvisningsretten kan ikkje leggjast til nokon som samtidig har disposisjonsrett over kommunen sine bankkonti/kasse. Styrevervet i stiftinga gjer normalt ikkje økonomisjefen inhabil til å betale krav frå stiftinga som har lovleg tilvising frå andre. Kommunestyret vurderer med dette økonomisjef Geir Kvisten som habil.
2. Kommunestyret meiner det er nødvendig å ha klare avtaler som er rett politisk forankra. Kommunestyret pålegg rådmannen å leggje fram for kontrollutvalet relevant dokumentasjon om avhendinga av Sunnivahuset, der vilkåra i kommunestyresak 026/15 er gjort greie for.
3. Kommunestyret ber kontrollutvalet rapportere til kommunestyret når tilhøva omtala i punkt 2 er klarlagt.

Vedlegg i saka:

02.05.2017 Habilitetssak økonomisjefen 1332999

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

Framlegg frå ordførar, foreslått av Stein Robert Osdal, Kristeleg folkeparti
Kommunestyret tek ut punkta 2 og 3 i framlegg frå Kontrollutvalet.

16 voterande

Votering:

Framlegg frå ordførar fekk 1 røyst for og 15 røyster imot.

Votering:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 030/17 Vedtak:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Tilvisningsretten kan ikkje leggjast til nokon som samtidig har disposisjonsrett over kommunen sine bankkonti/kasse. Styrevervet i stiftinga gjer normalt ikkje økonomisjefen inhabil til å betale krav frå stiftinga som har lovleg tilvising frå andre. Kommunestyret vurderer med dette økonomisjef Geir Kvisten som habil.
2. Kommunestyret meiner det er nødvendig å ha klare avtaler som er rett politisk forankra. Kommunestyret pålegg rådmannen å leggje fram for kontrollutvalet relevant dokumentasjon om avhendinga av Sunnivahuset, der vilkåra i kommunestyresak 026/15 er gjort greie for.
3. Kommunestyret ber kontrollutvalet rapportere til kommunestyret når tilhøva omtala i punkt 2 er klarlagt.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Viser til vedlagt sak



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/17	Formannskapet	02.05.2017
031/17	Kommunestyret	09.05.2017

Oppnemning av namnenemnd - Kommunesamanslåing Eid /Selje

Bakgrunn for saka:

I prosessen med å bygge ny kommune for Eid og Selje er det behov for å ta stilling til namn og kommunevåpen. Namn må vere på plass før kongeleg resolusjon. Kommunevåpen har ikkje denne tidsfristen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innstilling:

1. Det vert oppretta følgjande nemnd:

Nemnd for namn og kommunevåpen for ny kommune Eid og Selje

Selje har følgjande framlegg til medlemmer:

- Andreas Rundereim
- Gerd Kjellaug Berge
- Åge Lundebrekke

Valnemnda i Eid har følgjande framlegg til medlemmer:

- Eli Førde Aarskog (ønske frå valnemnda å ha med 1 politikar frå Eid i nemnda)
- Kjell Nøstdal
- Steinar Furnes

Rådmennene oppnemnar administrative ressursar.

Nemnda konstituerer seg sjølv og styrer prosessen innanfor følgjande tidsfristar:

Namn: Frist 06.06.2017
Kommunevåpen: Frist 01.12.2017

Prosesen må sikre god innbyggjarinvolvering.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

1. Det vert oppretta følgjande nemnd:

Nemnd for namn og kommunevåpen for ny kommune Eid og Selje

Selje har følgjande framlegg til medlemmer:

- Andreas Rundereim
- Gerd Kjellaug Berge
- Åge Lundebrekke

Valnemnda i Eid har følgjande framlegg til medlemmer:

- Eli Førde Aarskog (ønske frå valnemnda å ha med 1 politikar frå Eid i nemnda)
- Kjell Nøstdal
- Steinar Furnes

Rådmennene oppnemnar administrative ressursar.

Nemnda konstituerer seg sjølv og styrer prosessen innanfor følgjande tidsfristar:

Namn: Frist 06.06.2017

Kommunevåpen: Frist 01.12.2017

Prosesen må sikre god innbyggjarinvolvering.

Samrøystes.

Formannskapet 02.05.2017:

Handsaming:

6 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS- 028/17 Vedtak:

1. Det vert oppretta følgjande nemnd:

Nemnd for namn og kommunevåpen for ny kommune Eid og Selje

Selje har følgjande framlegg til medlemmer:

- Andreas Rundereim
- Gerd Kjellaug Berge

- Åge Lundebrekke

Valnemnda i Eid har følgjande framlegg til medlemmer:

- Eli Førde Aarskog (ønske frå valnemnda å ha med 1 politikar frå Eid i nemnda)
- Kjell Nøstdal
- Steinar Furnes

Rådmennene oppnemnar administrative ressursar.

Nemnda konstituerer seg sjølv og styrer prosessen innanfor følgjande tidsfristar:

Namn: Frist 06.06.2017

Kommunevåpen: Frist 01.12.2017

Proessen må sikre god innbyggjarinvolvering.

Samrøystes.

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

16 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 031/17 Vedtak:

1. Det vert oppretta følgjande nemnd:

Nemnd for namn og kommunevåpen for ny kommune Eid og Selje

Selje har følgjande framlegg til medlemmer:

- Andreas Rundereim
- Gerd Kjellaug Berge
- Åge Lundebrekke

Valnemnda i Eid har følgjande framlegg til medlemmer:

- Eli Førde Aarskog (ønske frå valnemnda å ha med 1 politikar frå Eid i nemnda)
- Kjell Nøstdal
- Steinar Furnes

Rådmennene oppnemnar administrative ressursar.

Nemnda konstituerer seg sjølv og styrer prosessen innanfor følgjande tidsfristar:

Namn: Frist 06.06.2017

Kommunevåpen: Frist 01.12.2017

Proessen må sikre god innbyggjarinvolvering.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Kommunestyra i Eid og Selje skal ha felles kommunestyremøte 22.06.17 der ein m.a. må ta stilling til namn på den nye kommunen. I samband med dette er det behov for å etablere ei namnenemnd som får ansvar for prosessen for å fremje forslag til namn og kommunevåoen (heraldikk).

Vurdering

Nemnda skal fremje framlegg om kommunenamn for felles kommunestyre og framlegg om heraldisk profil for fellesnemnda når denne er oppretta.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen der begge kommunane har med ein representant.

Kommunenamn:

Det er ikkje teke stilling til kva namn den nye kommunen skal ha. Ein ser at det er viktig å få dette på plass så snart som mogleg. Dette handlar om felles identitetsbygging fram mot samanslåinga i 2020. I kommunelova § 3. 3 vert det slått fast at endring i kommune namn skal

avgjerast av Kongen. Før slik avgjerd vert teken, skal det ligge føre uttale frå dei involverte kommunane.

Nemnda må ta stilling til korleis dei vil legge opp arbeidet som skal føre fram til ein søknad om endra/nytt kommunenamn. Nemnda må ha klar si innstilling innan 6. juni.

Kommunevåpen/Heraldikk:

Nemnda må hente inn vegleiing frå Riksarkivet, og ta stilling til korleis ein skal arbeide med saka. Riksarkivet er rådgjevande instans både for kommunane og for departementet i slike saker.

Etter at kommunen har kome fram til motiv, har fått utarbeida originalteikningar av våpenet og

dette har blitt handsama i fellesnemnda, vert det sendt søknad om godkjenning av kommunevåpen og flagg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet via fylkesmannen. Kommunevåpen bør vere eit tydeleg og samlande symbol for kommunen. Ordførarkjede bør utformast med utgangspunkt i kommunevåpenet. Dette bør vere klart innan samanslåinga er eit faktum.

(Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit framlegg til forenklingar

i regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg. I høyringsnotatet foreslår departementet at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg vert lagt til det enkelte kommunestyret. Departementet foreslår at reglar om fastsetting av

kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er vidare framlegg om å oppheve lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil vere noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit kommuneflagg. Frist for innspel til høyringa er sett til 15. mars 2017). Nemnda skal rapportere til fellesnemnda og ferdigstiller framlegg innan utgangen av 2017.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/17	Formannskapet	02.05.2017
032/17	Kommunestyret	09.05.2017

Oppnemning av styrerepresentant Sunnivastiftinga

Bakgrunn for saka:

Valnemda for oppnemning av styrerepresentantar i Stiftinga har henvendt seg til kommunen med spørsmål om representasjon. I vedtektene til Stiftinga er det avklart at Selje kommune skal ha ein representant i styret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret trekkjer fullmakt gjeve til rådmannen i sak 26/15 om oppnemning av styrerepresentant attende.
2. Kommunestyret oppnemner som kommunen sin representant i styret for Stiftinga.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

1. Kommunestyret trekkjer fullmakt gjeve til rådmannen i sak 26/15 om oppnemning av styrerepresentant attende.
2. Kommunestyret oppnemner Åge Lundebrekke som kommunen sin representant i styret for Stiftinga.

Samrøystes

Formannskapet 02.05.2017:

Handsaming:

Framlegg frå Ordførar, foreslått av Stein Robert Osdal, Kristeleg folkeparti
Ordførar legg fram forslag om at Åge Lundebrekke er Selje kommune sin representant i styret for

Stiftinga.

6 voterande

Votering:

Rådmannensitt forslag til vedtak og ordføraren sitt tilleggsframlegg fekk 6 røyster for.
Samrøystes

FS- 027/17 Vedtak:

1. Kommunestyret trekkjer fullmakt gjeve til rådmannen i sak 26/15 om oppnemning av styrerepresentant attende.
2. Kommunestyret oppnemner Åge Lundebrekke som kommunen sin representant i styret for Stiftinga.

Samrøystes

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

Framlegg frå Selje Frp., foreslått av ,
Selje Frp. forslår Marita Årvik som Selje kommune sin representant i Sunnivastiftelsen.

16 voterande

Votering:

Framlegget frå Selje Frp. fekk 6 røyster for og 10 røyster imot.

Votering:

Innstillinga frå Formannskapet fekk 16 røyster for. Samrøyses.

KS- 032/17 Vedtak:

1. Kommunestyret trekkjer fullmakt gjeve til rådmannen i sak 26/15 om oppnemning av styrerepresentant attende.
2. Kommunestyret oppnemner Åge Lundebrekke som kommunen sin representant i styret for Stiftinga.

Samrøystes

Saksopplysningar:

Etter kommunestyrevedtak i sak 26/15 er dette omtala ;

«Kommunen sin representant vert utpeika av rådmann»

Sidan styret vart oppretta har rådmannen utpeika Geir Kvisten som kommunen sin representant.

Frå 2015 er det lagt ned ein del arbeid i tilknytning til styrerepresentasjonen. Dette gjeld tilknytt formelle sider, på økonomisida og elelrs praktiske oppgåver. Det har, slik vi har vurdert det vore nyttig for særkilt Stiftinga å ha tilknytt denne kompetansen.

No er Stiftinga for litt tid sidan etablert og i meir stabil drift.

Vurdering

Etablering av Stiftinga og overdraging av det gamle kommunehuset har vore prega av politisk engasjement. Dette har vi bla sett ved lovlegheitskontrollsak og kommunestyrevedtak knytt til habilitetspørsmål. Spesielt den siste verkar lite motiverande når vi ser at dette arbeidet kjem i tillegg til hovudstilling og vert utført på fritida eller ved at andre oppgåver vert flytta over på fritid. Rådmannen ser også at administrasjonen fort vert involvert og inkludert i det politiske engasjementet. Det er ikkje ynskjeleg.

Som kjendt vil vi no framover ha felles økonomisjef med Eid. Om vedtaket fatta i kommunestyret om delegering til rådmannen, må det oppnemnst ny styrerepresentant. Slik eg ser det har administrasjonen mindre aktuell kompetanse og ressursar til å ha rolla som aktiv styrerepresentant.

Kommunestyret bør samla sett trekkje attende fullmakta gjeve til rådmannen, og utnemne ein politisk vald styrerepresentant.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/17	Kommunestyret	09.05.2017

Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019

Bakgrunn for saka:

Viser til sak 10/17 i Kontrollutvalet 28.02.2017.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 i samsvar med utgreiinga (vedlagt sak 10/17), og at denne gjeld til ny plan ligg føre.

Vedlegg i saka:

03.04.2017	Kontrollutvalet Sak 10/17 - Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019	1331892
09.05.2017	Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016 - 2019	1333314

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

16 voterande

Votering:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 033/17 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 i samsvar med utgreiinga (vedlagt sak 10/17), og at denne gjeld til ny plan ligg føre.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Viser til sak 10/17 i Kontrollutvalet 28.02.2017.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/17	Formannskapet	02.05.2017
034/17	Kommunestyret	09.05.2017

Stortingsval 2017 - organisering

Bakgrunn for saka:

Kommunen sin organisering av Stortingsvalet 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stortingsvalet 2017 vert organisert slik:

1. Valdato er måndag 11. september 2017
2. Frist for utlegg av manntal vert sett til måndag 03. juli. Manntalet vert lagt ut på kommunehuset og fylgjande butikkar: Joker Flatraket, Joker Stadlandet og Bunnpris Stadlandet.
3. Røystekrinsar er: Ferstad, Stadlandet, Selje, og Flatraket
4. Opningstider på valdagen: klokka 1000 – 1800
5. Stad for førehandsrøysting og tidlegrøysting: Kommunehuset i Selje
6. Opningstider for førehandsrøystinga i kommunehuset si opningstid
7. Servicekontoret gjer avtale med institusjonane om førehandsrøysting på institusjon og om ambulerande røystegjeving
8. Formannskapet er valstyre i perioden 2015 – 2019.
9. Adm. får delegert mynde til å ta avgjerd i kurante saker som ikkje er regulert av lov, forskrift, retningslinjer og av ikkje prinsipiell karakter
10. Desse vert utpeika til røystestyre i valkrinsane:

Krins	Fornamn	Etternamn	Adresse	Postnr	Stad	Funksjon
Selje	Olaug	Wold	Moldefjorden	6740	SELJE	Leiar
Selje	Erik	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Nestleiar
Selje	Oddrun	Hjelle		6740	SELJE	Medlem
Selje	Atle	Riksfjord		6740	SELJE	Medlem
Selje	Håkon	Berstad		6740	SELJE	Medlem
Selje	Eli	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Medlem
Selje	Arne Martin	Rundereim	Rundereim	6740	SELJE	Medlem
Selje	Kjell Magnar	Flølo		6740	SELJE	Varamedlem

Flatraket	Johan M Vollsnes	Kroken		6717	FLATRAKET	Leiar
Flatraket	Reidun Karen	Vettrhus	Vettrhus	6717	FLATRAKET	Nestleiar
Flatraket	Liss Helen	Solheim	Flatraket	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Hanne Marie	Utvær	Barmen	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Alvhild	Støylen	Flatraket	6717	FLATRAKET	Varamedlem
Stadlandet	Nils Per	Sjåstad		6750	STADLANDET	Leiar
Stadlandet	Stig Arild	Reksnes		6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Simon	Guldbrandsen	Hoddevik	6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Gry L O	Leikanger		6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Marita Aarsheim	Wold	Årsheim	6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Randi	Hoddevik	Leikong	6750	STADLANDET	Varamedlem
Refsnes	Per Vidar	Aarvik	Årvik	6750	STADLANDET	Leiar
Refsnes	Jan Petter	Hoddevik	Ferstad	6750	STADLANDET	Medlem
Refsnes	Oddvin	Honningsvåg	Honningsvåg	6750	STADLANDET	Medlem
Refsnes	Norvald	Dalsbø	Dalebøen	6750	STADLANDET	Varamedlem

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.05.2017

Stortingsvalet 2017 vert organisert slik:

1. Valdato er måndag 11. september 2017
2. Frist for utlegg av manntal vert sett til måndag 03. juli. Manntalet vert lagt ut på kommunehuset og fylgjande butikkar: Joker Flatraket, Joker Stadlandet og Bunnpris Stadlandet.
3. Røystekrinsar er: Ferstad, Stadlandet, Selje, og Flatraket
4. Opningstider på valdagen: klokka 1000 – 1800
5. Stad for førehandsrøysting og tidlegrøysting: Kommunehuset i Selje
6. Opningstider for førehandsrøystinga i kommunehuset si opningstid
7. Servicekontoret gjer avtale med institusjonane om førehandsrøysting på institusjon og om ambulerande røystegjeving
8. Formannskapet er valstyre i perioden 2015 – 2019.
9. Adm. får delegert mynde til å ta avgjerd i kurante saker som ikkje er regulert av lov, forskrift, retningslinjer og av ikkje prinsipiell karakter
10. Desse vert utpeika til røystestyre i valkrinsane:

Krins	Fornamn	Etternamn	Adresse	Postnr	Stad	Funksjon
Selje	Olaug	Wold	Moldefjorden	6740	SELJE	Leiar
Selje	Erik	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Nestleiar
Selje	Oddrun	Hjelle		6740	SELJE	Medlem
Selje	Atle	Riksfjord		6740	SELJE	Medlem
Selje	Håkon	Berstad		6740	SELJE	Medlem
Selje	Eli	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Medlem
Selje	Arne Martin	Rundereim	Rundereim	6740	SELJE	Medlem
Selje	Kjell	Flølo		6740	SELJE	Varamedlem

Magnar						
Flatraket	Johan M Vollsnes	Kroken		6717	FLATRAKET	Leiar
Flatraket	Reidun Karen	Vettrhus	Vettrhus	6717	FLATRAKET	Nestleiar
Flatraket	Liss Helen	Solheim	Flatraket	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Hanne Marie	Utvær	Barmen	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Alvhild	Støylen	Flatraket	6717	FLATRAKET	Varamedlem
Stadlandet	Nils Per	Sjåstad		6750	STADLANDET	Leiar
Stadlandet	Stig Arild	Reksnes		6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Simon	Guldbrandsen	Hoddevik	6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Gry L O	Leikanger		6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Marita Aarsheim	Wold	Årsheim	6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Randi	Hoddevik	Leikong	6750	STADLANDET	Varamedlem
Refsnes	Per Vidar	Aarvik	Årvik	6750	STADLANDET	Leiar
Refsnes	Jan Petter	Hoddevik	Ferstad	6750	STADLANDET	Medlem
Refsnes	Oddvin	Honningsvåg	Honningsvåg	6750	STADLANDET	Medlem
Refsnes	Norvald	Dalsbø	Dalebøen	6750	STADLANDET	Varamedlem

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

16 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet til vedtak fekk 16 røyster for. Samrøystes.

KS- 034/17 Vedtak:

Stortingsvalet 2017 vert organisert slik:

1. Valdato er måndag 11. september 2017
2. Frist for utlegg av manntal vert sett til måndag 03. juli. Manntalet vert lagt ut på kommunehuset og fylgjande butikkar: Joker Flatraket, Joker Stadlandet og Bunnpris Stadlandet.
3. Røystekrinsar er: Ferstad, Stadlandet, Selje, og Flatraket
4. Opningstider på valdagen: klokka 1000 – 1800
5. Stad for førehandsrøysting og tidlegrøysting: Kommunehuset i Selje
6. Opningstider for førehandsrøystinga i kommunehuset si opningstid
7. Servicekontoret gjer avtale med institusjonane om førehandsrøysting på institusjon og om ambulerande røystegjeving
8. Formannskapet er valstyre i perioden 2015 – 2019.
9. Adm. får delegert mynde til å ta avgjerd i kurante saker som ikkje er regulert av lov,

forskrift, retningslinjer og av ikkje prinsipiell karakter
10. Desse vert utpeika til røystestyre i valkrinsane:

Krins	Fornamn	Etternamn	Adresse	Postnr	Stad	Funksjon
Selje	Olaug	Wold	Moldefjord n	6740	SELJE	Leiar
Selje	Erik	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Nestleiar
Selje	Oddrun	Hjelle		6740	SELJE	Medlem
Selje	Atle	Riksfjord		6740	SELJE	Medlem
Selje	Håkon	Berstad		6740	SELJE	Medlem
Selje	Eli	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Medlem
Selje	Arne Martin	Rundereim	Rundereim	6740	SELJE	Medlem
Selje	Kjell Magnar	Flølo		6740	SELJE	Varamedle m
Flatraket	Johan M Vollsnes	Kroken		6717	FLATRAKET	Leiar
Flatraket	Reidun Karen	Vettrhus	Vettrhus	6717	FLATRAKET	Nestleiar
Flatraket	Liss Helen	Solheim	Flatraket	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Hanne Marie	Utvær	Barmen	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Alvhild	Støylen	Flatraket	6717	FLATRAKET	Varamedle m
Stadland et	Nils Per	Sjåstad		6750	STADLANDE T	Leiar
Stadland et	Stig Arild	Reksnes		6750	STADLANDE T	Medlem
Stadland et	Simon	Guldbrandse n	Hoddevik	6750	STADLANDE T	Medlem
Stadland et	Gry L O	Leikanger		6750	STADLANDE T	Medlem
Stadland et	Marita Aarshei m	Wold	Årsheim	6750	STADLANDE T	Medlem
Stadland et	Randi	Hoddevik	Leikong	6750	STADLANDE T	Varamedle m
Refsnes	Per Vidar	Aarvik	Årvik	6750	STADLANDE T	Leiar
Refsnes	Jan Petter	Hoddevik	Ferstad	6750	STADLANDE T	Medlem

Refsnes	Oddvin	Honningsvåg	Honningsvåg	6750	STADLANDE	Medlem
			g		T	
Refsnes	Norvald	Dalsbø	Dalebøen	6750	STADLANDE	Varamedlem
					T	m

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Valordninga

Valdagen er fastsett til måndag 11. september 2017. Kommunen kan gjere vedtak om at vallokala også skal vere opne søndag den 10. september. Kommunen må også gjere vedtak om opningstidene i vallokala.

Tidleggrøysting skal ta til 03. juli og førehandsrøysting skal ta til 10. august

Skjæringsdato for manntalet er fredag den 30. juni 2017. Frist for utlegg og stad skal avgjerast lokalt.

Det sentrale dataprogrammet EVA skal handtere manntal, røystegjeving og oppteljing. Programmet er gratis for kommunane men set krav til stabile datalinjer med god kapasitet på alle røystestadane. Det er no eit absolutt krav at det skal vere to røystemottakarar til stades ved all røystegjeving.

Praktiske konsekvensar for Selje kommune er:

All førehandsrøysting vil måtte gå føre seg på kommunehuset.

Røystestadane må ha god datakapasitet.

Det er behov for å ha røystestyra inn til opplæring

Valkrinsane

I Selje kommune har det dei siste åra vore 4 valkrinsar: Refsnes, Stadlandet, Selje og Flatraket. Kommunestyret gjorde i sak K- 055/16 vedtak om grenseregulering mellom Selje og Flatraket valkrinsar. Vallokala har vore i skulehusa i krinsane. Dette er ei ordning som er godt innarbeidd og som fungerer godt.

Valstyret

Medlemene i formannskapet har vore valstyre. Dette treng godkjenning av kommunestyret.

Røystestyra

Valstyret nemner opp røystestyra. Listekandidatar kan ikkje sitje i eit røystestyre. Dette er ikkje ei problemstilling ved dette valet då kommunen ikkje har listekandidatar til stortingsvalet dette året. Sakhandsamar har hatt ute førespurnad med svarfrist innan 20.februar om å vere medlemar i røystestyra. Desse har godteke førespurnaden:

Krins	Fornamn	Etternamn	Adresse	Postnr	Stad	Funksjon
Selje	Olaug	Wold	Moldefjord n	6740	SELJE	Leiar
Selje	Erik	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Nestleiar
Selje	Oddrun	Hjelle		6740	SELJE	Medlem
Selje	Atle	Riksfjord		6740	SELJE	Medlem
Selje	Håkon	Berstad		6740	SELJE	Medlem
Selje	Eli	Midtgaard	Reset	6740	SELJE	Medlem
Selje	Arne	Rundereim	Rundereim	6740	SELJE	Medlem

	Martin					
Selje	Kjell Magnar	Flølo		6740	SELJE	Varamedlem
Flatraket	Johan M Vollsnes	Kroken		6717	FLATRAKET	Leiar
Flatraket	Reidun Karen	Vetthus	Vetthus	6717	FLATRAKET	Nestleiar
Flatraket	Liss Helen	Solheim	Flatraket	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Hanne Marie	Utvær	Barmen	6717	FLATRAKET	Medlem
Flatraket	Alvhild	Støylen	Flatraket	6717	FLATRAKET	Varamedlem
Stadlandet	Nils Per	Sjåstad		6750	STADLANDET	Leiar
Stadlandet	Stig Arild	Reksnes		6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Simon	Guldbrandsen	Hoddevik	6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Gry L O	Leikanger		6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Marita Aarsheim	Wold	Årsheim	6750	STADLANDET	Medlem
Stadlandet	Randi	Hoddevik	Leikong	6750	STADLANDET	Varamedlem
Refsnes	Per Vidar	Aarvik	Årvik	6750	STADLANDET	Leiar
Refsnes	Jan Petter	Hoddevik	Ferstad	6750	STADLANDET	Medlem
Refsnes	Oddvin	Honningsvåg	Honningsvåg	6750	STADLANDET	Medlem
Refsnes	Helle	Frogner	Ervik	6750	STADLANDET	Varamedlem

Delegasjon og fullmakter

For at valet skal kunne avviklast utan unødige opphald treng administrasjon delegert mynde til å ta avgjerd i kurante saker som ikkje er regulert av lover, forskrifter og retningslinjer, og ikkje av prinsipiell karakter. Døme: supplering av røystestyre, fastsetjing av tider for institusjonsrøysting, og liknande.

Andre forhold

Svein Barmen er utpeika til å vere valansvarleg i kommunen. Han har saman med leiar på Servicekontoret Wenche Berget følgd Kommunaldepartementet sitt kurs for valansvarlege i kommunane. Desse skal vere i stand til å ta seg av lokal opplæring av røystestyra

Kommunestyret i Selje har ikkje formelt peika ut valstyre for perioden. Dette har normalt vore Formannskapet.

Lover/regelverk

Vallova

Forskrift til vallova

Valghandboken

Kommunelova

Saksgang

Formannskapet tilrår til Kommunestyret som gjer vedtak om praktiske ordningar rundt valet, vel valstyre og delegerer nødvendige fullmakter.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/17	Planutvalet	02.05.2017
035/17	Kommunestyret	09.05.2017

Kommuneplanen sin arealdel 2017-2029 - Vedtak

Bakgrunn for saka:

Planutvalet i Selje vedtok i møte den 25. januar 2017 å leggje kommuneplanen sin arealdel ut til 2. gangs offentlig ettersyn. Arealdelen låg ute til offentlig ettersyn i perioden 17. februar til 31. mars 2017. Kommunestyret skal no gjere endeleg vedtak i saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2029 for Selje kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre.

Følgjande fullmakter vert gjevne:

Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.

Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:

- Planomtale
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

Vedtak som innstilling frå Planutvalet - 02.05.2017

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-16 vert kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2029 for Selje kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre.

Følgjande fullmakter vert gjevne:

Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.

Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:

- Planomtale
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

I tillegg vart følgjande tilleggsforslag samrøstes vedtekne:

1. Tilråding frå rådmannen: Reguleringsplanar som er vedteken etter Pbl 1985 har ikkje fastsett

byggegrense mot sjø og oppfyller ikkje PBL § 1-8. Det vert fastsett fylgjande byggegrensar for reguleringsplan for:

- 1441200001 Flatraket sentrum, 28.06.2000
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 14412000401 Seljeneset, 26.02.2004
Byggegrense til sjø blir sett 4 meter frå formålsgrense for hytter.
- 1441199104 Skogen, 05.11.1981
Selje kommune får fullmakt til å fastsette byggegrense.
- 14411984 Selje sentrum, 15.05.1984 (saga boat, og næringsområdet mot nord) og Industriområde Reset, 06.07.1989
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 1441198302 Otneimsneset, og 1441199102 Sjøstad nedre, 1441200702 Leikanger sentrum gbnr 24/243 og 1441200301 Leikanger sentrum
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.

2.

Tilråding frå rådmannen: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering av ny hurtigbåtterminal i eit avgrensa område i Hamreosen (vedlegg 1: kartutsnitt, Hamreosen). Selje kommune har i planprosessen hatt fleire dialogmøte med Fylkesmannen, utan å kome fram til ei løysing og går til mekling og avgjerd i departementet i medhald av pbl. § 5-6.

3.

Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål BKB 13 – Sandvikneset ved Barmsund. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje. Potensialet i aktuelt område er svært stort. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

4.

Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål med kolonihage med hytter, vegar og oppstillingsplass for campingvogn/bubilar, BFR 12 Eide i kartutsnitt. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje kommune og Kystverket sin reguleringsplan. Potensialet i aktuelt område er svært stort i samband med Stad skipstunnel og planutvalet held fast på setja av område og føremål. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

5.

Framlegg frå Selje FRP: Område BKB5 vert utvida til også å gjelde Storholmen og Småholmane med molo som vist i plan. Området må også sjåast i samanheng med å bruke deler av massane frå Stad skipstunnel. Føremål er reiseliv/næringsområde. Om det er naudsynt, vert det å legge denne planen ut på ei avgrensa høyring.

Samrøystes

Vedlegg i saka:

27.04.2017

Saksutgreiing - Kommuneplanen sin arealdel 2017-2029 -

1332757

	Vedtak	
27.04.2017	Oversikt gjeldane vedtak PU 25.1 og KU - tilleggsutgreiing.	1332758
27.04.2017	Merknader 2. gongs høyring - del 1	1332759
27.04.2017	Merknader 2. gongs høyring - del 2	1332760
27.04.2017	Føresegner, revidert 25.04.17	1332761
27.04.2017	Vurdering av merknader, datert 25.04.17	1332762
27.04.2017	Kart Selje sør revidert 25.4	1332763
27.04.2017	Kart Selje nord revidert 25.4	1332764
04.05.2017	Fråsegn til arealdelen til kommuneplanen med konsekvensutgreiing for Selje kommune, andre gongs offentleg ettersyn - korrigert versjon (L)(14265)	1333153
09.05.2017	Tilbakemelding etter vedtaket i planutvalet 2.5.17	1333233

Planutvalet 02.05.2017:

Handsaming:

Framlegg frå Rådmann, foreslått av Ørnulf Lillestøl,

1. Tilråding frå rådmannen: Reguleringsplanar som er vedteken etter Pbl 1985 har ikkje fastsett byggegrense mot sjø

og oppfyller ikkje Pbl § 1-8. Det vert fastsett fylgjande byggegrenser for reguleringsplan for:

- 1441200001 Flatraket sentrum, 28.06.2000
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 14412000401 Seljeneset, 26.02.2004
Byggegrense til sjø blir sett 4 meter frå formålsgrense for hytter.
- 1441199104 Skogen, 05.11.1981
Selje kommune får fullmakt til å fastsette byggegrense.
- 14411984 Selje sentrum, 15.05.1984 (saga boat, og næringsområdet mot nord) og Industriområde Reset, 06.07.1989
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 1441198302 Otneimsneset, og 1441199102 Sjøstad nedre, 1441200702 Leikanger sentrum gbnr 24/243 og 1441200301 Leikanger sentrum
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.

Framlegg frå Rådmann, foreslått av Ørnulf Lillestøl,

2. Tilråding frå rådmannen: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering av ny hurtigbåtterminal i eit avgrensa område i Hamreosen (vedlegg 1: kartutsnitt, Hamreosen). Selje kommune har i planprosessen hatt fleire dialogmøte med Fylkesmannen, utan å kome fram til ei løysing og går til mekling og avgjerd i departementet i medhald av pbl. § 5-6.

Framlegg frå Ordførar, foreslått av Stein Robert Osdal, Kristeleg folkeparti

3. Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål BKB 13 – Sandvikneset ved Barmsund. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje. Potensialet i aktuelt område er svært stort. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

Framlegg frå Ordførar, foreslått av Stein Robert Osdal, Kristeleg folkeparti

4. Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål med kolonihage med hytter, vegar og oppstillingsplass for campingvogn/bubilar, BFR 12 Eide i kartutsnitt. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje kommune og Kystverket sin reguleringsplan. Potensialet i aktuelt område er svært stort i samband med Stad skipstunnel og planutvalet held fast på setja av område og føremål. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

Framlegg frå Selje Frp., foreslått av Marita Aarvik, Framskrittspartiet

5. Framlegg frå Selje FRP: Område BKB5 vert utvida til også å gjelde Storholmen og Småholmane med molo som vist i plan. Området må også sjåast i samanheng med å bruke deler av massane frå Stad skipstunnel. Føremål er reiseliv/næringsområde. Om det er naudsynt, vert det å legge denne planen ut på ei avgrensa høyring.

Framlegg frå Selje SP, foreslått av ,

6. Framlegg frå Selje SP: Forslår å ta ut gbnb 23/5 av arealplanen som næringsareal. Dette grunna at eigar ikkje ynskjer dette regulert til næringsareal og at det pr. d.d er eit landbruksområde i produktiv drift.

(Dette området gjeld landareal i samband med fleirbrukskaia på Leikanger)

6 voterande

Votering:

Tilleggsframlegg nr.1, lagt fram av rådmann, fekk 6 røyster for. Samrøystes

Tilleggsframlegg nr.2, lagt fram av rådmann, fekk 6 røyster for. Samrøystes

Tilleggsframlegg nr.3, lagt fram av ordførar, fekk 6 røyster for. Samrøystes

Tilleggsframlegg nr.4, lagt fram av ordførar, fekk 6 røyster for. Samrøystes

Tilleggsframlegg nr.5, lagt fram av Selje Frp, fekk 6 røyster for. Samrøystes

Tilleggsframlegg nr.6, lagt fram av Selje SP, fekk 1 røyst for og 5 røyster imot.

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak og tilleggsframlegg nr. 1 - 2 - 3 - 4 - og 5 fekk 6 røyster for. Samrøystes.

PU- 013/17 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-16 vert kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2029 for Selje kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre.

Følgjande fullmakter vert gjevne:

Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.

Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:

- Planomtale
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

I tillegg vart følgjande tilleggsforslag samrøstes vedtekne:

1.

Tilråding frå rådmannen: Reguleringsplanar som er vedteken etter Pbl 1985 har ikkje fastsett byggegrense mot sjø og oppfyller ikkje PBl § 1-8. Det vert fastsett fylgjande byggegrenser for reguleringsplan for:

- 1441200001 Flatraket sentrum, 28.06.2000
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 14412000401 Seljeneset, 26.02.2004
Byggegrense til sjø blir sett 4 meter frå formålsgrense for hytter.
- 1441199104 Skogen, 05.11.1981
Selje kommune får fullmakt til å fastsette byggegrense.
- 14411984 Selje sentrum, 15.05.1984 (saga boat, og næringsområdet mot nord)
og Industriområde Reset, 06.07.1989
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 1441198302 Otneimsneset, og 1441199102 Sjøstad nedre, 1441200702
Leikanger sentrum gbnr 24/243 og 1441200301 Leikanger sentrum
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.

2.

Tilråding frå rådmannen: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering av ny hurtigbåtterminal i eit avgrensa område i Hamreosen (vedlegg 1: kartutsnitt, Hamreosen). Selje kommune har i planprosessen hatt fleire dialogmøte med Fylkesmannen, utan å kome fram til ei løysing og går til mekling og avgjerd i departementet i medhald av pbl. § 5-6.

3.

Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål BKB 13 – Sandvikneset ved Barmsund. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje. Potensialet i aktuelt område er svært stort. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

4.

Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål med kolonihage med hytter, vegar og oppstillingsplass for campingvogn/bubilar, BFR 12 Eide i kartutsnitt. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje kommune og Kystverket sin reguleringsplan. Potensialet i aktuelt område er svært stort i samband med Stad skipstunnel og planutvalet held fast på setja av område og føremål. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

5.

Framlegg frå Selje FRP: Område BKB5 vert utvida til også å gjelde Storholmen og Småholmane med molo som vist i plan. Området må også sjåast i samanheng med å bruke deler av massane frå Stad skipstunnel. Føremål er reiseliv/næringsområde. Om det er naudsynt, vert det å legge denne planen ut på ei avgrensa høyring.

Samrøystes

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

Framlegg frå Selje Frp., foreslått av , Selje kommune tek gbnr. 23/5 ut av plana til Fleirbrukshavn. Selje kommune held fast på omfang og plassering av næringsareal og kai. Utforming og retning på kai og område blir å fastsetje i detaljreguleringsplanen.

Framlegg frå Selje Sp., foreslått av Gunn Sande, Senterpartiet

Selje Senterparti forslår å ta gbnr. 23/5 ut av arealplanen som næringsareal. Dette fordi eigar ikkje ynskjer dette området som næringsareal og at det pr. dags dato er eit landbruksområde i produktiv drift.

16 voterande

Votering:

Tilleggsframlegg frå Selje Frp. fekk 4 røyster for og 12 røyster imot.

Votering:

Tilleggsframlegg frå Selje SP fekk 6 røyster for og 10 røyster imot

Votering:

Innstillinga frå Planutvalet til vedtak fekk 11 røyster for og 5 røyster imot.

KS- 035/17 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-16 vert kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2029 for Selje kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre.

Følgjande fullmakter vert gjevne:

Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.

Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:

- Planomtale
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

I tillegg vart følgjande tilleggsforslag samrøstes vedtekne:

1.

Tilråding frå rådmannen: Reguleringsplanar som er vedteken etter Pbl 1985 har ikkje fastsett byggegrense mot sjø og oppfyller ikkje PBl § 1-8. Det vert fastsett fylgjande byggegrenser for reguleringsplan for:

- 1441200001 Flatraket sentrum, 28.06.2000
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 14412000401 Seljeneset, 26.02.2004
Byggegrense til sjø blir sett 4 meter frå formålsgrense for hytter.
- 1441199104 Skogen, 05.11.1981
Selje kommune får fullmakt til å fastsette byggegrense.
- 14411984 Selje sentrum, 15.05.1984 (saga boat, og næringsområdet mot nord)
og Industriområde Reset, 06.07.1989
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.
- 1441198302 Otneimsneset, og 1441199102 Sjøstad nedre, 1441200702
Leikanger sentrum gbnr 24/243 og 1441200301 Leikanger sentrum
Byggegrense til sjø blir sett lik formålsgrense.

2.

Tilråding frå rådmannen: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering av ny hurtigbåtterminal i eit avgrensa område i Hamreosen (vedlegg 1: kartutsnitt, Hamreosen). Selje kommune har i planprosessen hatt fleire dialogmøte med Fylkesmannen, utan å kome fram til ei løysing og går til mekling og avgjerd i departementet i medhald av pbl. § 5-6.

3.

Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål BKB 13 – Sandvikneset ved Barmsund. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje. Potensialet i aktuelt område er svært stort. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

4.

Framlegg frå ordførar: Fylkesmannen har fremja motsegn til etablering turistføremål med kolonihage med hytter, vegar og oppstillingsplass for campingvogn/bubilar, BFR 12 Eide i kartutsnitt. Aktuelt område heng saman med turistsatsing i Selje kommune og Kystverket sin reguleringsplan. Potensialet i aktuelt område er svært stort i samband med Stad skipstunnel og planutvalet held fast på setja av område og føremål. Kommunen går til mekling etter pbl. § 5-6. Dersom mekling ikkje fører fram vert saka sent til departementet for endeleg avgjerd.

5.

Framlegg frå Selje FRP: Område BKB5 vert utvida til også å gjelde Storholmen og Småholmane med molo som vist i plan. Området må også sjåast i samanheng med å bruke deler av massane frå Stad skipstunnel. Føremål er reiseliv/næringsområde. Om det er naudsynt, vert det å legge denne planen ut på ei avgrensa høyring.

Saksopplysningar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Plan- og bygningslova.

Rådmannen kan elles orientere om at kommunestyret sitt vedtak om godkjenning av kommuneplanen sin arealdel ikkje kan påklagast, jf. pbl. § 11-15 tredje ledd.

Arealdelen låg ute til offentleg ettersyn i perioden 17. februar til 31. mars 2017. I samsvar med forvaltningspraksis fekk Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkeskommunen utsatt uttalefristen. Endeleg fråsegn frå Fylkesmannen vart motteken 7.4.2017. Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vart motteken 21.04.2017.

Det har kome inn totalt 44 uttaler i samband med det offentlege ettersynet. Innspela er komne både frå privatpersonar, lag og organisasjonar og offentlege instansar. Uttalene frå offentlege etater inneheld mange mange ulike merknader, slik at talet på merknader totalt kjem langt over 44.

Alle merknadene er offentleg tilgjengelege, og kan hentast fram og lesast i sin heilskap via kommunen si innsynsløysing. Ein finn desse i mappe 16/20008. Innspela er og oppkopierte, påført arkivnr., og ligg ved saka.

Vidare handsaming:

Eit relevant spørsmålet i denne samanheng er kva moglegheit planutvalet og kommunestyret har for eventuelt å etterkomme innspela og gjere endringar i planen, utan at dette krev eit nytt offentleg ettersyn.

Det går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 11-15, om vedtak av kommuneplanen, at dersom «kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling».

I førearbeida til pbl. § 11-15, Ot.prp. nr. 32 (2007 – 2008), står det følgjande om dette kravet: «Dersom kommunestyret vil gjøre endringer i planen som ikke har vært på høring eller offentlig ettersyn, må disse endringene tas opp til ny behandling. Kommunestyret må da sende saken i retur til administrasjonen, som forbereder en ny sak. Dersom endringene er av en slik karakter at de faller inn under reglene i § 4-1 om planprogram, skal det utarbeides et slikt program, jf. § 11-13. Forslaget sendes deretter på ny høring og offentlig ettersyn av de endringene kommunestyret ønsker å gjøre, jf. § 11-14. Planendringen sendes så for behandling i kommunestyret, jf. § 11-15. Bakgrunnen for bestemmelsen er å sikre at alle deler av kommuneplanen har vært gjenstand for nødvendig formell planprosess og at virkningene av planen er tilfredsstillende vurdert».

Kort sagt inneber dette at dersom planutvalet eller kommunestyret føreslår ein bruk av eit areal som ikkje tidlegare har vore ute til høyring/offentleg ettersyn i planprosessen, så må endringa ut på høyring og offentleg ettersyn før arealdelen kan vedtakast. Ei tilbakeføring til eksisterande arealbruk i gjeldande plan, krev ikkje ny høyring/ettersyn.

Generelt om motsegner /praksis i Sogn og Fjordane

Det går fram av pbl. § 5-4 at statleg og regionalt organ kan fremje motsegn til kommuneplanen sin arealdel i spørsmål som er av «nasjonal eller vesentlig regional betydning». Det går fram av førearbeida, Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) at det er «vedkommende myndighet selv som skjønnsmessig avgjør om et spørsmål er av nasjonal eller vesentlig regional betydning».

Avsnitt frå heimesida til fylkesmannen:

«Dersom kommunen planlegg i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser, kan Fylkesmannen bruke motsegn. Dei fleste motsegnene her i fylket er knytt til arealbruk i konflikt med allmenne interesser i strandsona, langs vassdrag, i fjellområde og i konflikt med viktige naturtypar. Det er også nokre motsegner mot planar der omsyn til samfunnstryggleik og landbruk ikkje er godt nok ivareteke.

Fylkesmannen har som utgangspunkt at vi gjennom god dialog med kommunen **ønskjer å løyse motsegnene lokalt**, helst før ei formell mekling. Motsegnene kan anten løysast ved at kommunen tilpassar planen til innvendingane våre, eller at vi i fellesskap kjem fram til gode kompromiss. Dersom det ikkje blir semje mellom kommunen og Fylkesmannen, blir avgjerda i plansaka flytta frå kommunestyret til Kommunal- og moderniseringsdepartementet ved politisk leiing.»

Når det er kome inn motsegner, så må kommunen ta stilling til desse og avgjere om motsegnene kan imøtekomast. Dersom motsegnene vert imøtekomne, vil motsegnene falle vekk. Dersom kommunen ikkje finn å kunne ta omsyn til motsegna, skal det ordinært

meklast mellom partane. Dersom ein då ikkje oppnår semje, treff kommunen eit planvedtak og sender planen og motsegna, med tilrådinga frå meklar, til departementet. Departementet avgjer då om motsegna skal takast til følgje og at planen skal endrast, jf. pbl. § 5-6.

Meir om motsegner finn ein ved å gå inn på denne linken:

<https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/Planprosessen/Skjulte-sider/Motsegn-og-mekling/>

Etter 2. høyring har fylkesmannen trekt fleire motsegner, men fortsatt står nokre att.

Konsekvensen av at det ligg føre motsegner til arealdelen er at kommunestyret ikkje kan vedta planen før desse er fråfalne.

I den grad det berre ligg føre motsegn som knyt seg til ein klårt avgrensa del/delar av planen, så kan kommunestyret vedta at dei andre delane av arealdelen skal ha rettsverknad.

Vurdering av innkomne merknader etter 2. gongs høyring

Uttalen frå råd for eldre og funksjonshemma vert kommentert her. Dei andre merknadene vert kommentert i **vedlegg** til saka.

Råd for eldre og funksjonshemma (EF006- nr4)

Rådet argumenterer og ber om at Selje kommune må syte for at overskotsmasser i samband med bygging av Stad Skipstunnel vert nytta til å ruste opp fylkesvegen Sandvik- Kjøde (Årsheimstranda).

Kommentar:

Saka har vore tema i ulike samanhenger – også i planutvalet. Vegen er ei fylkeskommunal oppgåve og kommunen prøver å få prosjektet prioritert opp i plansamheng. Når det gjeld eventuelt steinlager i Gorgenesvika og Kjøde, kan desse nyttast til vegen, der det måtte mangle denne type masse.

Tilkomst til badeplassar for funksjonshemma.

Kommentar: Kommunen bør få oversikt kva plassar som er aktuelle, lage ein plan og melde dette inn i kommande økonomiplan. Sakshandsamar sitt syn er at dette kan gjerast uavhengig av arealdelen.

Ny vurdering av gravplass for midtre del av kommunen.

Kommentar: Kommunen tek dette opp med fellesrådet. Utviding/nye gravplassar må takast inn ved neste rullering av arealdelen.

Viktig å legge til rette for både eksisterande og framtidig næringsutvikling. Bør bruke masse frå tunnelen til nye næringsareal og peikar spesielt på næringsparken på Årsheim.

Kommentar: Arealdelen har no forslag om fleire nye næringsområde basert på masser frå Stad skipstunnel. Når det gjeld næringsparken på Årsheim, viser vi til motsegn frå Fylkesmannen og vedtak i planutvalet 25.01.2017, som opnar for eit mindre næringsareal i området.

Saka vert elles kommentert i **vedlegg** : Saksutgreiing kommunen sin arealdel 2017-2029 – vedtak.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/17	Planutvalet	02.05.2017
036/17	Kommunestyret	09.05.2017

Reguleringsplan - Stad skipstunnel - Vedtak

Bakgrunn for saka:

Kystverket fremja forslag til reguleringsplan for Stad skipstunnel i sak 007/17 for Planutvalet 25.01.2017. Planforslaget låg ute til offentleg ettersyn i perioden 01.02.2017-16.03.2017. Planområdet ligg i Selje kommune. Formålet er å planlegge ein større skipstunnell enn den som vart vedteken i 2004. Dimensjonerande storleik for skip som kan segle gjennom tunnelen er hurtigruta MS Midnattssol. Reguleringsplanen omfattar og tilkomstvegar og hamneareal i samband med skipstunnelen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planutvalet vedtek områdereguleringsplan for Stad skipstunnel, sist datert 26.04.2017, med føresegner sist datert 26.04.2017, jf. Pbl. § 12-12.

Vedtak som innstilling frå Planutvalet - 02.05.2017

Planutvalet vedtek områdereguleringsplan for Stad skipstunnel, sist datert 26.04.2017, med føresegner sist datert 26.04.2017, jf. Pbl. § 12-12.

Samrøystes.

Vedlegg i saka:

02.05.2017 Reguleringsplan - Stad skipstunnel - Vedtak (utsendt til 1332960
Planutvalet 27.04.2017)

Planutvalet 02.05.2017:

Handsaming:

6 voterande.

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for. Samrøystes.

PU- 012/17 Vedtak:

Planutvalet vedtek områdereguleringsplan for Stad skipstunnel, sist datert 26.04.2017, med føresegner sist datert 26.04.2017, jf. Pbl. § 12-12.

Samrøystes.

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

16 voterande

Votering:

Innstillinga frå Planutvalet til vedtak fekk 16 røyster for. Samrøstes.

KS- 036/17 Vedtak:

Planutvalet vedtek områdereguleringsplan for Stad skipstunnel, sist datert 26.04.2017, med føresegner sist datert 26.04.2017, jf. Pbl. § 12-12.

Samrøystes.

Saksopplysningar:

Planområdet ligg i Selje kommune. Formålet er å planlegge ein større skipstunnell enn den som vart vedteken i 2004. Dimensjonerande storleik for skip som kan segle gjennom tunnelen er hurtigruta MS Midnattssol. Reguleringsplanen omfattar og tilkomstvegar og hamneareal i samband med skipstunnelen.

Påverknaden tunnelen har på miljø og samfunn er grundig konsekvensutgreia. Ei av dei største problemstillingane er korleis overskotsmasser frå tunnelen skal nyttast.

Rådmannen meiner at mest mogleg av overskotsmassene bør brukast til samfunnsnyttige føremål, blant anna utfylling i sjø og landvinning. Aktuelle område for utfylling av massar frå skipstunnelen vert handsama i forslag til kommuneplanen sin arealdel.

Sjølv om Stad skipstunnel er eit stort inngrep i kulturlandskapet, er tiltaket utforma både skånsamt og flott. Det er brukt mykje ressursar på å få portalane og tunnelen til å stå fram på ein god måte. Rådmannen meiner at Stad skipstunnel er eit prosjekt som kan sette Selje på kartet både i nasjonal og internasjonal samanheng. Skipstunnelen kan gi store ringverknader for Selje og for heile regionen.

Det er kome inn merknadar til saka og desse vert referet og vurdert i saksutgreiinga som vert utsendt seinast 28.04.2017.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/17	Kommunestyret	09.05.2017

Reguleringsplan fv. 620 - Årsheimstranda

Administrasjonen utreder sak om reguleringsplan av fv. 620 til neste møte i formannskapet 15. juni og kommunestyret 22. juni.

Kommunestyret 09.05.2017:

Handsaming:

Framlegg frå ordførar, foreslått av Stein Robert Osdal, Kristeleg folkeparti
Sak vedrørande regulering av fv. 620 - Årsheimstranda vert sett opp som ny sak i formannskapet 15. juni og kommunestyret 22. juni.

17 voterande

Framlegg frå ordførar fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS- 037/17 Vedtak:

Sak vedrørande regulering av fv. 620 - Årsheimstranda vert sett opp som ny sak i formannskapet 15. juni og kommunestyret 22. juni.

Samrøystes

Ynskje om at administrasjonen utreder sak om kommunalfinansiert reguleringsplan av fv. 620 til neste møte.

